



Gol kommune

Internt notat

Til: **Dato:** 27.02.2014
Fra: Britt Vikane **Referanse:** 14/00416-3
Kopi:

Årsmelding 2013 Gol ungdomsskule

Læringsmiljø

God grunnutdanning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.

Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv/arbeidsliv.

Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleva meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø.

God fagkompetanse i barnehage og skule skal sikrast ved aktive rekrutteringstiltak.

Kompetanseheving og fagmiljø

Gol kommune vil arbeide for at kunnskapsbedrifter og fagmiljø skal kunne etablere seg i kommunen.

Kommunen vil vera med å leggja til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle.

Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.

Ansvarsområda som er med – storleik på avd. og nærvær 2013 (%)

Ansvar:	Ansvarsomgrep:	Evt. endringar:	Stillingsh. (2013)	Nærvær 2013
3114	Gol ungdomsskule		28,92	92,2

Fordeling – lønsartar (alle tal i heile 1.000 kr):

	R 2012	B 2013	R 2013
Driftsutgifter	17 703	20 697	19 803
Driftsinntekter	-543	-150	-1 681
Netto finansutgifter	-	-1 859	-1 613
	17 160	18 688	16 509

Utvikling løn korrigert for refusjonar sjukefråvere (alle tal i heile 1.000 kr):

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Netto-løn:	13.598	14.282	14.271	14.271	14.797	15.736

Avvik – regnskap:**Regnskap:**

- Gol ungdomsskule hadde i 2013 eit overskot på 2. 179 000 kroner i forhold til justert budsjett. I justert budsjett var 1.859 000 frå bundne fond lagt inn. Dette er grunn til overskotet. Fonda var øyremerka norskopplæring for minoritetsspråkleg og ubrukte tilskot frå fylkeskommunen.
- Lønnspostane viser eit meirforbruk på løn på 936 000 frå 2012. Auka elevtal har ført til fleire klassar skuleåret 2013/2014 enn året før, noko som har ført til auka lønsutgifter.
- Kjøp av varer og tenester har eit samla overforbruk på 730 000 kroner. Skulen kjøpt inn nødvendig utstyr til alle klasserom, som prosjektorar og lerret, kart og tavler . Det har og vore nødvendig å skifte ut utstyr, kvitevarer og inventar på spesialrom som sløyd/tekstilrom og kjøken. Med auka elevtal har det vore nødvendig å kjøpe fleire lærebøker ,digitale programvare og elevmaskiner.
- Kjøp av tenester har eit meirforbruk på 303 000 kroner. Dette er kjøp frå andre kommunar og gjeld elevar som er fosterheimsplasserte i andre kommunar . Vidare omfattar dette mellom anna kjøp av tenester for alternativ opplæring utanom skulen, for elevar med spesielle behov.
- Gol ungdomsskule har eit samla fråvære på 7,8% i 2013. Av dette er 5,6% langtidsfråvære og 2,2 % er kortidsfråvære. Som tala viser har fråværet vore høgt i 2013. Spesielt langtidsfråværet. I ein lang periode i haust til saman 5 tilsette borte på grunn av alvorleg sjukdom. Lærarar som ikkje har full stilling, har teke vikartimar og vi har leigd inn hjelp som ei midlertidige løysing. Det er viktig å ha tett dialog med dei sjukemeldte , og tilpasse arbeidsoppgåver for dei som treng det, i kortare eller lenge periode.

Mål og måloppnåing 2013:

Mål:	Mål i ord:	Nådd?	Årsak til avvik:
Læringsresultat og læringsmiljø	Tilstandsrapport for 2013 vil rapportere på desse områda		
Ny skule for 1.-10-trinn	Arbeid med planlegging er vidareført 2013		
Alle lærarar må ha pedagogisk kompetanse. Alle lærarane må ha formell og/el.. realkompetanse i det faget dei skal undervise i.	Gol ungdomsskule har to lærarstillingar utan formell pedagogisk kompetanse, som er under utdanning. I tilsetjingsprosessar er det viktig å rekruttere lærarar som har kompetanse for å undervise på ungdomstrinnet		Det har dei seinare åra vore vanskeleg å rekruttere lærarar med dei faga som skulen treng; matematikk, norsk og engelsk hovudsakleg.
Skulen må bli betre på å førebyggje, avdekke og handtere skjult mobbing. Medverke til å utvikle sosial kompetanse	Kompetanseheving er gjennomført, og skulen ha tatt i bruk verktøy for å avdekke og stoppe skjult mobbing.		Dette er eit kontinuerleg arbeid. Målet om mobbefri skule kan aldri seiast å vere nådd
Satsing på vurdering for læring(VFL) som ein del av UIU – ungdomstrinnet i utvikling	Kompetanseheving og veiledning er gjennomført i personalet ved Høgskulen i Buskerud og Vestfold. Denne satsinga vil halde fram ut 2014		
Innføring av valfag på 8. og 9. trinn	8. og 9. trinn har valfag 2 t/v og utvida skuletida med 30 minutt per veke		
Redusere omfanget av spesialundervisning.	Elevar med spesialpedagogisk tiltak låg hausthalvåret på om lag 10% ved Gol ungdomsskule. Landssnittet er 8,5%		Skal ein redusere spesialundervisninga må ein tilpasse undervisninga endå betre til den einskilde elev

Mål og tiltak 2014:**Personell**

- Vi vil halde fram med å ha eit fokus på eit godt arbeidsmiljø, der tilsette kjenner seg sett og høyrte, og vere opptatt av å veilede tilsette arbeidet deira.
- Reduksjon av sjukefråvær, både kortids-og langtidssjukefråvære . Tiltak her er tilpassing av arbeidsoppgåver for dei som treng det.

Organisasjon

- Målet er at Gol ungdomsskule skal vere eit høgare fokus på læring og på læringsutbyte. Organisasjonen sitt satsingsområde er vurdering for læring og faget matematikk. Målet er å sjå resultat og endringar hjå elevane.
- Det er eit mål og ha eit godt heim – skule samarbeid, der vi legg til rette for at føresette og skulen kan he eit godt samarbeid om eleven.

Kompetanse

- Rekruttere godt kvalifisert pedagogar og fagarbeidarar, gjennom tilsetjingar og vidareutdanning og etterutdanning.

Teneste/aktivitet

- Sjå tilstandsrapport 2013

Utfordringar 2014:

- Det er ei utfordring å ha eit sterkt nok læringstrykk
- Rekruttere kvalifiserte fagfolk
- Redusere sjukefråvære

Britt Vikane